

HEMING RULLER TERNING:

**Ministrenes
EU-karakter-
bok** Side 12



KAMP OM KOMMUNENE:

**Bli med på
konferanse
2. april!** Side 14

GRATIS I STANDPUNKT:

**Vett-hefte om
EU og Arktis**

Les om heftet på side 15



„ EUs tilnærming peker i retning av et «EØS Extra Large», med enda sterkere grad av politisk «husmannskontrakt» og redusert demokrati i Norge.

EØS XXL

Les mer på **side 4-5**



**Meld
deg inn
med SMS**

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN OG
POSTADRESSE> til 2090
(150,- for 2011 og
2012)




Heming Olaussen
Leder i Nei til EU

» SITATET

Jeg tror at norsk fagbevegelse har godt av å få vite hvor skapet står i dag, så får vi se hva det innebærer for framtida. Men om det er så ille som vi nå aner, vil det i alle fall sette en effektiv stopper for norsk fagbevegelses tilslutning til EU-medlemskap i all framtid.

Advokat Geir Høin i Fagforbundet på seminaret til *Alternativ til dagens EØS-avtale* 17. januar, i følge Klassekampen.



Inn for å påvirke Merkels EU?

En måte å uttrykke maktforholdene i EU på, har den slovakiske statsminister Robert Fico uttrykt slik: «I EU er det de store hundene som bestemmer. Det eneste de små hundene kan gjøre, er å finne ut hvilken stor hund de skal følge etter.»

Finanskrise må ha demonstrert for enhver at det er Tyskland som sitter i førersetet i EU. Det er hevet over tvil. Ikke bare er landet Europas økonomiske stormakt, men også den politiske. De andre EU-landene er avhengige av Tysklands velvilje, og Merkel er seg bevisst dette. Hun har dessuten begynt å bruke det på en helt annen måte enn tidligere. Flere internasjonale og norske kommentatorer (Aftenposten, DN) har understreket nettopp dette. Merkel er lederhunden i kobbelet, til dels i tospann med Frankrikes Sarkozy. De andre bikkjene kan både gjø og glefse, men tenner til å bite med har de ikke. Makta rår. Det

siste utspillet som har satt både samhold og EU på prøve, er forslaget om en «konkurransepakke», der Merkel har satt fram en rekke krav om at de andre landene i Eurosonen skal tilpasse seg tyske standarder for pensjonsalder, lønnsfastsetting, tillatt underskudd på statsbudsjettet (og grunnlovsfeste dette!), felles bedriftsbeskatning med mer.

Tysklands utspill kom helt overraskende på Barroso og EU-organene, som etter sigende ble rasende, slik også en rekke EU-land ble. Tyskernes ideer skaper enorme problemer innenrikspolitisk i en rekke land. Blant annet har Belgia indeksregulert lønnsvekst, Irland har basert økonomien på lav bedriftsbeskatning, Hellas vil ikke ha noe av at tyskerne dikterer deres grunnlov for å nevne noen eksempler. Med dette grepet ble makta i EU med ett slag flytta fra Brussel til Berlin. Merkel foreslår at EU-land kan tilslutte seg pakten «frivillig», noe som kan ligne på Schengen-avtalen.

Altså på siden av det egentlige EU. Mange spekulerer allerede i at dette kan bety realisering av den gamle ideen om et «EU i to hastigheter». De villige, som underlegger seg Tysklands ideer, og de uvillige, som får klare seg sjøl. Uten tysk økonomisk hjelp.

Budskapet er oppfattet. Tyskland og Frankrike har på toppen av det hele innkalt til et «Euroland-toppmøte» i begynnelsen av mars, utenfor EU-regi. «Utenforland» som Sverige og Danmark raser og fortviler, og den danske statsministeren har igjen tatt opp spørsmålet om en ny dansk folkeavstemming om euroen. Folket har svart i en meningsmåling der nei-flertallet aldri har vært så klart for å forsvare den danske krona og si nei til euro.

Motsetningene i EU blir sterkere. Den sosiale uroen kommer til å øke. De politiske krisene kan komme til å stå i kø – først i Irland. (Artikkelen er skrevet 15. februar, altså før det irske valget.)

Det er inn i dette EU ja-siden ønsker å føre Norge. Ut fra påstandene om at «vi må inn for å påvirke». Påvirkningsideen er på grensa til det latterlige. Alle som ikke er blindet av propaganda må se de maktpolitiske realitetene. De er slik Robert Fico uttrykte dem. Norge kommer til å være en kommodebikkje i dette selskapet. Erna Solberg, Jonas Gahr Støre og Jens Stoltenberg kommer til å være totalt tannløse, rent bortsett fra at de stort sett vil være veldresserte pudler som bare håper at noen vil klappe litt på dem og fortelle hvor flinke de er, innimellom. Flinkis-statusen kan de for så vidt bare videreføre til det de driver med allerede. Ja-siden har ingen agenda for å påvirke EU. De er nesten 100 % enige i alt EU gjør. Så hva er det de skal inn og påvirke? På vegne av hvem? Trøsten er at det norske folk har skjont tegninga. Norsk EU-medlemskap blir en stadig fjernere drøm.

Standpunkt

TIPS OSS! Standpunkt-redaksjonen blir alltid glad for tips fra leserne. Epost: standpunkt@neitileu.no | SMS: Send NTEU tips [ditt tips] til 2030

Ansvarlig redaktør: Heming Olaussen
Redaktør: Sindre Humberset
Layout: Eivind Formoe
Redaksjon: Torunn Kanutte Husvik, Hege Lothe, Marianne Granheim Trøyflat og Dag Seierstad

Korrektur: Elisabeth S. Gundersen, Hilde Loftesnes Nylén, Jens Kihl og Kjell Arnestad.
Opplag: 34 000
Post- og besøksadresse: Storgata 32, 0184 Oslo
Kontakt oss: standpunkt@neitileu.no

Telefon: 22 17 90 20
Redaksjonen avsluttet: 23.2.2011
Medlemskap i Nei til EU koster 290,- kroner pr. år, og kan betales inn til kontonummer 7874 05 01517.

Trykkansvarlig: Datatrykk

Annonser og istikk: Ta kontakt for pris og informasjon. Budskapet i annonser og istikk står for annonsørens regning og trenger ikke være sammenfallende med Nei til EUs syn.



” Det mest skjebnesvangre ved EU er at liberaliseringspolitikken har ryggdekning i de grunnleggende markedsfrihetene i EU-traktaten.



Maktesløse mot konkurransen. Den tyske fagbevegelsen var maktesløse da konkurransen ble sluppet løs i et samfunn med stor og langvarig arbeidsløshet. Fagforbundet Ver.di organiserer ansatte i tjenesteytende sektor. Med rundt 2,1 millioner medlemmer er de en av verdens største uavhengige fagorganisasjoner. ILLUSTRASJONSFOTO: OLIVER KLAS

Arbeidsliv som radbrekkes

Media har vært overfylt av kriseskildringer fra ulike deler av Europa siden høsten 2008. Det de ikke har klart – eller vært villige til – å oppdage, er at arbeidslivet har vært i stadig krassere krise i mer enn et kvart århundre. Siden 1980-tallet har det skjedd en radbrekking av arbeidslivet i Europa, både i øst og vest – som også i USA, Japan og Kina.

I Europa er EU den store drivkraften bak endringene i det økonomiske livet. 1985 setter det store tidsskillet i nyere europeisk historie. Fram til 1992-93 var det konkurransen på varemarkedene EU var mest opptatt av å fremme. Utover på 1990-tallet måtte så viktige offentlige tjenester som tele, post, jernbane, busstransport, strøm- og gassforsyning tåle stigende konkurranse fra private selskap. Andre viktige tjenestemarkeder ble så åpna for konkurranse med tjenstedirektivet av 2006.

EUs regelverk påbyr ikke direkte at offentlig virksomhet privatiseres. Men friest mulig konkurranse på åpne markeder er et så grunnleggende EU-prinsipp at det i praksis fremmer privatisering.

Tyskland er det verste eksemplet på hvordan Europas største og best organiserte fagbevegelse sto maktesløs

da konkurransen ble sluppet løs i et samfunn med stor og langvarig arbeidsløshet. Ikke noe sted i Vest-Europa har fristilte markeder slått ut med så usosial kraft som i Tyskland.

Lønnsforskjellene har økt i alle europeiske land, men med unntak for Polen slår Tyskland alle rekorder. 1,9 millioner tyskere tjente i 2006 mindre enn fem euro timen. Hundretusener i full jobb må ha sosialhjelp for å klare seg.

Det mest skjebnesvangre ved EU er at liberaliseringspolitikken har ryggdekning i de grunnleggende markedsfrihetene i EU-traktaten. Den traktaten kan bare endres på så grunnleggende punkter hvis alle medlemsland, for tida 27, er enige om det.

Det er dette som gjør markedsliberaliseringa i EU så særegen. Det ligger innbygd i EU-logikken at verken regjeringer eller velgere skal kunne omstemme seg – ut fra de erfaringene en gjør med så utstrakt liberalisering.

Da er det ekstra ille at EU-domstolen i 2007-08 har felt en serie med dommer som svekker handlefriheten til fagbevegelsen i en situasjon der den på forhånd er på defensiven i de fleste land i Europa.

Her i Norge kan en serie med nye arbeidslivsdirektiv være på vei inn i EØS-avtalen. Et direktiv om sesongarbeid kan gjøre det lettere å hente inn billig arbeidskraft fra land utafør EU. EL- & IT-forbundet forbereder seg til kamp om yrkeskvalifiseringsdirektivet fordi det kan svekke krav til elektrikere som tar jobber i Norge. Arbeidstidsdirektivet kan bli endra slik at det tillater lengre arbeidsdager og kortere hviletid.

LO-sekretariatet har godtatt vikarbyrådirektivet – på sviktende grunnlag. Direktivet har både gode og dårlige sider. Det som er bra, er at direktivet i prinsippet skal gi innleide arbeidere samme lønns- og arbeidsforhold som de fast ansatte. Men det kunne vi ha ordna med vedtak i Stortinget.

Det som er klart betenkelig, er at direktivet vil føre til at inn- og utleie av arbeidstakere blir langt mer vanlig enn i dag. Det er hensikten med direktivet.

Både arbeidsmiljøloven og en del norske tariffavtaler legger begrensninger på bruken av innleide arbeidere. Fellesforbundet, EL- & IT-forbundet, Norsk Transportarbeiderforbund og NNN har slike tariffavtaler. Alle slike begrensninger på innleie kan stå for fall.

Postkom, fagforbundet for postansatte, har i lengre tid ført en aktiv kampanje mot å godta EUs tredje postdirektiv. Forbundet satser på at kampen mot postdirektivet kan vinnes hvis alle som rammes, kaster seg inn i en felles kampanje for å kreve at Norge må reservere seg mot postdirektivet. Forbundet prøver å nå fram til fagforeninger i andre forbund, til bedrifter og lokale industriforeninger, bondelag og lokale miljøforeninger, partilag og kommunestyre – kort sagt til alle som vil hindre at posttjenestene blir dyrere og sjeldnere utenom Oslo-området.



Dag Seierstad
Varamedlem til styret i Nei til EU

EU VIL UTVIDE EØS-AVTALEN:

EØS XL

EU har stadig nye ess i ermet. No vil Ministerrådet ha heile EØS-avtalen inn på teppet.

2011 kan bety slutten på EØS-avtalen som vi kjenner han. Det er ikkje berre Nei til EU og ein og annan stortingspolitiker og interesseorganisasjon i Noreg som meiner EØS-avtalen er fullmoden for revisjon. Også Ministerrådet i EU har varsla nye taktar.

I konklusjonane etter Ministerrådsmøtet 14. desember 2010 blir det uttrykt ønske om full gjennomgang av avtalen. Det blir vist til at både Noreg og Lichtenstein er inne i evalueringssprosser og at ein ønskjer tilsvarande i EU. Ministerrådet skisserer ein meir omfattande EØS-avtale der fleire samarbeidsområde er inkluderte. Rådet stiller også spørsmålsteikn ved om regelverket for den indre marknaden er tilstrekkeleg harmonisert på tvers av EU- og EFTA-land, og om det er muleg å gjera ei «oppdatering og forenkling» av implementeringsprosedyrane.

EØS-nisse på lasset

Tilnærminga til EU peikar i retning av eit EØS Extra Large. Det var konklusjonen på styremøtet til Nei til EU i januar. I ei fråsegn frå møtet blir det åtvara mot enda sterkare innslag av politisk husmannskontrakt og svekt demokrati i Noreg. Fråsegna framhevar også at den noverande EØS-avtalen uansett står for fall.

– Eg er uroa for ei enda sterkare stramlineforming av norsk EU-tilpassing, seier Heming Olaussen, leiaren i Nei til EU.

Når EU uttrykkjer at dei vil ha ein meir automatisert avtale, tolkar Olaussen dette som ein mindre demokratisk avtale. Med dagens praksis er det slik at Stortinget handsamar alt av EØS-regelverk som kjem frå Brussel, og leiaren i Nei til EU er redd ei endring her vil verke utvidande på EØS-avtalen. Især sidan EU har gått vekk frå den såkalla søylestrukturen sin.

– EU lagar no meir samansett regelverk som omfattar fleire sektorar. Det gjer at Noreg må svelgje ting som i utgangspunktet ikkje høyrer heime i samarbeidet om den indre marknaden. Resultatet er at mykje som vi aldri har sagt ja til, likevel blir med som nissen på lasset, meiner han.

Ingenting nytt frå EU

Men det ser ikkje ut til å vera



Heming
Olaussen



Ulf
Sverdrup

grunn til frykte noko frå EU med det første. Martin Skyly, ambassaderåd ved EU-kommisjonen sin delegasjon til Noreg, seier det så langt ikkje har skjedd noko i saka. Han kan elles opplyse om at det er European External Action Service (EEAS), avdeling for Vest-Europa, som skal stå for arbeidet.

Dag Seierstad, styremedlem og tidlegare utgreiingsleiar i Nei til EU, er relativt avslappa. Han seier han ikkje vil ta sorgene på forskot, men kan skissere eit par scenarier.

– Dei kan koma til å utfordre reservasjonsretten vår. Gro og andre på ja-sida sa i 1992 at denne kunne nyttast, men det har aldri EU sagt, påpeikar han.

Seierstad presiserer likevel at det vil vera svært vanskeleg å fjerne denne formelle retten. Det vil eventuelt krevje ei grunnslovendring, ettersom § 93 seier at Stortinget ikkje har høve til å avgi makt til internasjonale organisasjonar vi ikkje er medlemmar av. Det er derfor liten grunn til uro, meiner Seierstad.

– Vi er raske til å implementere. Og til no har alle direktiv vorte godkjent. Så veldig plundrete kan det ikkje ha vore for EU, konstaterer han.

Ei anna mulegheit er at EØS skal omfatte fleire saksområde. Mulege felt er sosialpolitikk, skattepolitikk eller utvida handel med landbruksvarer. Seierstad minnar om at Veterinæravtalen i 1998 vart underlagt EØS-regelverket.

– Men kvifor skal norske politikarar godta slike utvidingar av avtalen?

– EU har tidlegare skremt med forseinking av fiskeeksporten vår. Elles er det jo ein del jafolk som gjerne implementerer alt som kjem frå Brussel.

Klima for samarbeid

Ulf Sverdrup, sekretariatsleiar for Europautredningen og elles

statsvitar og forskar, har heller ikkje konkrete svar på kva som kjem til å skje. Han minnar om at EU, i følgje vedtaka frå Ministerrådet, er tilfredse med EØS, og uttrykkeleg seier at dei vil halde fram samarbeidet. Han trur ikkje EU vil forsøke å vera vanskelege, og avviser kontant at vetoretten skulle bli utfordra.

– Det vil i så fall innebera ei reforhandling av hovuddelen i EØS-avtalen, noko som hittil ikkje har skjedd. Skulle denne endrast, må avtalen på nytt godkjennast i alle EØS-landa, peikar han på.

Sverdrup meiner energi, klima og nordområdepolitikk er sannsynlege område å intensivere samarbeidet på. EU nemner sjølv desse i sine konklusjonar, og Sverdrup oppfattar at det er stor politisk vilje i Noreg til å samarbeide rundt slik spørsmål. Ministerrådet nemner også auka handel med landbruksvarer som eit muleg intensivert samarbeidsområde, men her er Sverdrup tvilande.

– Sidan EØS-avtalen pålegg Noreg å diskutere eit utvida landbrukssamarbeid med jamne mellomrom, nyttar EU høvet til å minne om det. Men dette er kontroversielt, og det er ikkje tilstrekkeleg politisk vilje i Noreg til å gå med på det, spør han.

Vakn opp, nei-parti!

Nei til EU arbeider med å få svar på kva som vil koma frå EU si side. Gjennom prosjektet *Alternativ til dagens EØS-avtale* er representantar for unionen utfordra til å koma og fortelje kva som eigentleg er meint med vedtaka, men både EU-kommisjonen i Brussel og EU-ambassadøren i Oslo har takka nei til dette. Heming Olaussen er oppgitt.

– Avslaga styrkjer vår mistanke om at det her er ugler i mosen. Vi er redde for ein lukka prosess mellom EU og det politiske etablissementet i Noreg, i staden for ein open og opplyst debatt. Stortinget og dei politiske partia må utfordre EU på kva det er dei eigentleg tenkjer. I denne saka treng vi ein vaken opinion og vakne nei-parti.

Av Marianne Granheim Trøyflåt

mariannegt@neitileu.no



FAKTA

Vil ha EØS XL

■ Ministerrådsmøtet 14. desember 2010 vil ha full gjennomgang av EØS-avtalen. EU vil ha undersøkt om «EU interest is properly served by the existing framework of

relations or alternatively by a more comprehensive approach, encompassing all fields of cooperation and ensuring a horizontal coherence.»

DEBATT OM EØS:

Alternativ til sosial dumping

Det er mykje å ta av når problematiske sider ved EØS-avtalen skal på dagsorden. Faglege rettar er ein naturleg start.

– Vi meiner heilt klart at det internasjonale regelverket må ha rang over det regionale, sa LO-sekretær Trine Lise Sundnes til ein fullsett sal da prosjektet *Alternativ til dagens EØS-avtale* hadde første seminaret sitt.

Seminaret vart halde måndag 17. januar på Håndverkeren Konferansesenter i Oslo. Tema var løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar, eit område der norske styresmakter har kome i klem mellom EØS-regelverk og plikter knytte til den internasjonale ILO 94-konvensjonen. ILO 94 trådte i kraft i 1996 og har til føremål å sikre innhaldet i tilsetningskontraktane når det offentlege set bort arbeid.

Fornem oppslutning

Prosjektet *Alternativ til dagens EØS-avtale* er dermed oppe og går. Etter eit lengre forprosjekt er det klart at Sigbjørn Gjelsvik skal vera prosjektleiar fram til juli 2012. I og med at regjeringa har sett ned eit offentleg utval for å gjennomgå EØS-avtalen, men ikkje gitt utvalet i oppdrag å greie ut alternativ, har fleire organisasjonar, mellom andre Nei til EU, gått saman om å gjennomføre eit parallelt prosjekt.

Både ESA-presidenten Per Sanderud, førstesekretær i LO, Trine Lise Sundnes, avdelingsdirektør i Arbeidsdepartementet Eli Mette Jarbo og advokat i Fagforbundet Geir Høin var til stades 17. januar og heldt innleiingar. I ein paneldebatt seinare på dagen var også NHO representert ved advokat Kurt Weltzien og dei raudgrøne regjeringspartia med kvar sine stortingsrepresentantar.

Konservativt trugsmål

Frontane var steile. Etter dagens forskrifter er det krav om at minstestandardane for løns- og arbeidsvilkår i tariffavtalane blir overhaldne ved offentlege kontraktar. Sanderud minna om at dette, i følgje ESA, er i strid med EØS-avtalen § 36 som forbyr restriksjonar på den frie flyten av tenester mellom medlemslanda. I tillegg kan det kanskje vere i konflikt med utstasjonsdirektivet som krev klart formulerte vilkår. Regjeringa er i ferd med å endre forskriftene.

Sundnes frå LO tok kraftig til motmæle mot ESA-presidenten. Ho minna om at ILO 94-konvensjonen forbyr ei utholing av rettane for dei tilsette. Ved offentlege kontraktar skal styresmaktene krevje løns- og



ESA trussel mot faglege rettar. LO-sekretær Trine Lise Sundnes meiner at ESA og konservative regjeringar innanfor EU trugar faglege rettar som kjem gjennom ILO 94-konvensjonen.

FOTO: ANDERS HAMRE SVEEN



Sigbjørn Gjelsvik

arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av tariffavtale. ILO 94 er ratifisert av 60 statar og ni av desse er EU-medlemmar.

EU-kommisjonen forhold seg svært passivt til konvensjonen, og han er ikkje nemnt i nokon av EU sine dommar. Sundnes la likevel vekt på ESA og konservative regjeringar innanfor EU som største trugsmålet mot faglege rettar på dette området.

Breidt og ambisiøst

Seminaret fekk ein del mediedekking, og prosjektleiaren er nøgd.

– Arrangementet fekk god omtale innan fagpressa, og med

tanke på temaet er nok dette det viktigaste. Det var ein veldig god start for prosjektet. Over hundre førehandspåmeldte deltakarar er kjempebra. Eg er veldig godt nøgd med det, seier Gjelsvik.

Prosjektet rullar no vidare, med indre- og ytremedisinske tiltak. Utgreiingsarbeid med fokus på mulege alternative avtalar vil stå sentralt, det kjem ei seminarrekke utover året og det vil koma innspel til det regjeringsoppnemnte Sejerstedsutvalet. Synleggjering av debatten om alternativ til EU/EØS i andre land er ei anna viktig målsetjing med prosjektet. Rapportar, føredragsmalar, løpesetlar og liknande blir produsert fortløpande.

Av Marianne Granheim Trøyflat

mariannegt@neitileu.no

FAKTA

Alternativ-prosjektet

■ Prosjektet *Alternativ til dagens EØS-avtale* er no sett ned, og Sigbjørn Gjelsvik skal vera prosjektleiar fram til juli 2012.

■ Leiaren for styringsgruppa er Jan Olav Andersen frå EI & IT-

forbundet og organisasjonane som deltek er Fagforbundet, EL&IT-forbundet, Nei til EU, Bondelaget, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Bygdekvinnelag, Natur og Ungdom og Ungdom mot EU.

➔ KORT & GODT

Demokratisk underskot i EØS

■ **Snakk om suverenitet!**

Avtala er ein demokratisk katastrofe, forkynte professor Erik Oddvar Eriksen for dei framømte på Litteraturhuset tysdag 18. januar, der Europautredningen inviterte til debatt om det demokratiske underskotet i EØS-avtalen. Til å innleie var heile tre statsvitskapsprofessorar frå Universitetet i Oslo hanka inn, Eriksen sjølv, Janne Haaland Matlary (biletet) og Øyvind Østerud.

Som sidekommentatorar stilte tidlegare Ap-statsråd Hallvard Bakke og tidlegare Høgre-statsråd Kristin Clemet. Bakke viste ei tilbakelemt haldning til heile EØS-avtalen, og meinte at sjølv om vi kunne greidd oss godt utan



heile avtalen, gjekk det svært så bra med henne også. For Clemet var EØS ein

liten flik av det fullkomne EU-eventyret ho ein gong håpa Noreg skulle bli ein del av.

Europautredningen er det regjeringsoppnemnte utvalet leidd av Fredrik Sejersted som i løpet av året skal greie ut føremonene og ulempene av EØS-avtalen. Debatten 18. januar vart delvis overført i NRK Urix og hadde om lag tre hundre tilhøyrarar i salen. Møtet var det første i serien *Utenfor og innenfor. Norge og EU*.

Medlemsnedgang i 2010

■ **Endeleg medlemstal i**

Nei til EU for 2010 enda på 29 098. Vi nådde altså ikkje medlemmålet på 30 000 medlemmer i 2010, og klarte heller ikkje å nå opp til rekordmedlemstalet frå 2009, på 30 132. Medlemstalet er likevel det nest høgste sidan folkerøystinga i 1994.

– Medlemsnedgangen skuldast delvis at vi ikkje hadde fullt så sterkt trykk på verving i 2010 som i 2009,



samt at det er tyngre å overtyde nei-folket om at det er naudsynt å

verte medlemmer når ja-sida berre har 22,5 prosent på meiningsmålingane, seier organisasjonskonsulent Vigdis Høbbøl i Nei til EU.

Ho minner også om at trass i den samla nedgangen, så har Nei til EU verva 2184 heilt nye medlemmer i 2010.

Europabevegelsen veks

■ **Generalsekretær** Trygve

Nordby opplyser til NTB at Europabevegelsen har auka med 26 medlemmer til 5 845 i 2010. Dette kan vere starten på planen som Paal Frisvold lanserte i 2009 om å auke medlemstalet i Europabe-



vegelsen til 50 000. Sjølv om det med dette tempoet vil ta 1731 år til målet er nådd. I 2007

var derimot medlemstalet på 6964, i følgje ABC Nyheter.

Dag Seierstad • Den nye kampen om arbeidslivet

NÅ I NYTT OPPLAG



«Mer politisk brennbar enn biodiesel.»
Kultur- og debattredaktør
Petter Raaum, *Dagbladet*


«... overbevisende ... grundig ... Dag Seierstad har skrevet ei klargjørende bok om de drastiske endringer i det europeiske arbeidslivet.»
Ottar Brox

«Vi befinner oss i dag i en alvorlig historisk og økonomisk krisesituasjon, og Dag Seierstads bok viser dramatikken dette kan innebære for lønnsstakere i hele Europa.»
Erik S. Reinert



www.respublica.no

ROBERT NYBERG



KORT & GODT

Sikre deg sommarens antrekk!

■ **Rebel's Nest** lagar politiske t-skjorter. Vi fall for denne modellen. Slik presenterer dei den: «Festung Europa, Hitlers propagandabegrep for å beskrive de europeiske områdene okkupert av Nazi-Tyskland, har i vår tid fått en ny betydning. Europa har fått nye murer. I 2005 etablerte EU byrået Frontex, en organisasjon som har som oppgave å organisere vakt-holdet av Europas eksterne grenser. Frontex sørger for å stoppe asylsøkerne – før de



får muligheten til å bli asylsøkere.[...]

Selv om det å stoppe innvandrere før de får mulighet til å forklare seg og søke asyl, er et klart brudd på Genevekonvensjonen (art. 13), er det godt nytt for politikere som ønsker å begrense antall asylsøkere – uten å endre den interne asylpolitikken.

Velkommen til Festung Europa.»

Kjøp t-skjortene her:
www.rebelsnest.no

Trur ikkje på sosialdemokratisk Europa

■ **Europautredningen** heldt møte 1. februar med tema «Er Norge Europa? Europa og norsk identitet», der sosialantropologiprofessor Thomas Hylland Eriksen og NUPI-forskar Iver B. Neumann la fram ein rapport om temaet. Rapporten er også utgangspunkt for ein kronikk som er omtalt i ein annan artikkel i Standpunkt. Neumann



Thomas Hylland Eriksen

meinte utgangspunktet for debatten var feil.

– Det siste man skal gjøre hvis man skal kartlegge hva folk mener om Europa, er å se på hva filosofer og akade-

mikere mener om Europa, sa Neumann i følge Nationen 1. februar.

Thomas Hylland Eriksen avviser unionsprosjektet til den såkalla radikale ja-sida.

– Jeg tror ikke på det sosialdemokratiske Europa. Det er et umulig prosjekt. Det er altfor mange portugisere og grekere, forskjellen er for stor.

Kroatisk EU-skepsis

■ **EU-journalist** i Nationen, Michael Brøndbo, hevdar på sin Facebook-profil at ein av dei leiande akademiske ekspertane på EU-skepsis i Kroatia er leiar for sexologiavdelinga ved Universitetet i Zagreb.

Kommentarane til statusoppdateringa har sjølvsagt

ikkje latt vente på seg, blant desse heftige framlegg til overskrifter som: «Sexy å vera EU-skeptisk» og «Folkeleg reisning mot EU-medlemskap». Nei til EU kunne mulegvis kasta seg på karusellen og føreslått noko slikt som «Den nakne sanninga om EU», «Beskytt deg mot

svenskesuget» eller «Kjønnsdimensjonen forklarer stadig meir av EU-standpunktet».

Til så lenge er det greitt å konstatere at buskisar om EU aldri vil bli like artige som det faktum at store delar av den norske eliten meiner EU er demokratisk, fredsskapande og miljøvenleg.



Euro-debatt: Høyres Nikolai Astrup og Hallvard Bakke, tidligere leder i SME. FOTO: IDA VALEUR

STUDENTER MOT EU:

Euro-debatt på Ås

Studenter mot EU sitt lokallag ved Universitet for miljø- og biovitenskap (UMB) på Ås arrangerte i februar euro-debatt.

Euroens rolle under finanskrisa og hvordan euroen påvirket dynamikken innad i EU var den sentrale problemstillingen under debatten. I panelet satt Hallvard Bakke, som ledet Sosialdemokrater mot EU i 1994 og Høyres EU-talsmann Nikolai Astrup, samt representanter fra NHO, For Velferdsstaten og KS.

Halvard Bakke slo fast at dersom valutaunionen skal fungere må EU overstyre medlemslandenes statsbudsjett, og unionen må få et langt større fellesbudsjett som kan brukes til konjunkturutjevning. Det vil redusere det nasjonale demokratiet.

Han påpekte at eurolandene har såpass ulik økonomi at det blir vanskelig for hvert enkelt land å komme i økonomisk balanse når de ikke kan justere valutaen selv. Euro-landene har ikke noe vilje til å overholde reglene om budsjettunderskudd som skulle sikre stabilitet når selv Tyskland og Frankrike brøt dem kort tid etter at euroen ble innført.

– Euroen er å stille vogna framfor hesten. I stedet for å bygge opp en føderalstat først og så inngå en valutaunionen gjør man det omvendt. Gjennom en valutaunion nødvendiggjør man en stadig mer samlet politikk, poengterte Bakke.

Føderalstat ikke ønskelig

Nikolai Astrup mente på sin side at en føderalstat verken var realistisk eller, etter hans personlige mening, ønskelig, og han mente at euroen ikke hadde skyld i den økonomiske krisen i Hellas og Irland.

– Euroen er ikke en del av problemet, men en del av løsningen, sa Astrup, og trakk fram EUs indre marked som en positiv ting for å øke handelen med kriselandene.

Helene Bank fra For Velferdsstaten var uenig i denne påstanden.

– Det indre markedet består av nesten 30 land som konkurrerer seg i mellom, sa hun.

Hun viste til at Tyskland gjennom å holde lønningene nede hadde styrket egen konkurransekraft, og at deres overskudd på handelsbalansen var en del av forklaringen på oppbyggingen av stor statsgjeld i mange søreuropeiske land.

Alle debattantene var enige om at euroen sannsynligvis ikke kommer til å bli innført i Norge i nærmeste framtid. Høyre og NHO var likevel, som ventet, langt mer positive til euroen enn Halvard Bakke og Helene Bank.

Av Jonas Lindstrøm
Studenter mot EU

Medieblikk

Sindre Humberset



■ Stortingsrepresentant **Torbjørn Røe Isaksen** fra Høgre kommenterer den nye botnrekorden der berre ein av fire seier ja til EU på bloggen sin konservativ.no 24. januar. Han viser til at Noreg i motsetnad til nesten alle andre land i Europa har kome godt ut av finanskrisa, men trur trenden også har andre årsaker: «Det blir nemlig stadig vanskeligere å se hvilke grupper som skal endre mening og dermed gi ja-siden fremgang igjen.»

«Om det skal komme ny dynamikk i EU-saken må noen **bytte side**. Det har de gjort, men de har gått til nei-siden. Samtidig har ikke venstresiden i Norge blitt mer positive. Jeg tror den økende skepsisen på høyresiden skyldes at EU i stadig større grad fremstår som en **sosialdemokratisk, overformynderisk stat** – ikke bare som et handelssamarbeid og fredsprosjekt. Med andre ord tappes ja-siden fra høyre, samtidig som få nye grupper kommer til.»



■ Debattmøtet om EØS som demokratisk katastrofe i regi av Europautredningen 17. januar fekk nok

ein gong synleggjort den høge faglege standarden som norsk «Europa-forsking» ligg på. Professor **Erik Oddvar Eriksen** ved *Arena senter for europaforskning* har hatt ein imponerende karriere på universitetet, men må ha gått glipp av kurset i prosentrekning. «Norge overtar **99,9 prosent av alt lovverk EU utformer**», hevda Eriksen i følge ABC Nyheter 19. januar. Han heldt fram slik: «Da Eriksen påsto det samme i 2008, fant Nei til EUs utreder Morten Harper fram statistikkene: En gjennomgang [...] viser at EU i perioden 1998–2007 vedtok mer enn ti ganger så mange lover som det Eftalandsene tok inn i EØS-avtalen. I den tiårsperioden ble totalt 4004 rettsakter tatt inn i EØS-avtalen. EU vedtok i samme periode 44.074 rettsakter.» Dei 40.070 rettsaktene som ikkje vart teke inn i EØS-avtalen utgjør då altså 0.01 prosent av totalen.



■ Vi i Nei til EU kjende oss trygge på **Wikileaks-avsløringane** kom rullande for nyttår. Vi har jo ingenting å skjule!

Så sjokket var stort då vi 14. desember kunne lese følgjande i Dagbladet: «Daværende statssekretær **Liv Monica Stubholt** (Sp) i Olje- og energidepartementet får sin karakteristikk av USA-diplomatene: 'Selv hennes egen stab lurer av og til på hvorfor hun er medlem av Senterpartiet, som er kjent for å være mest populær blant **drilkefældige Nei til EU-bønder fra Midt-Norge**', heter det.» Kjelder i Senterpartiet meiner diplomatane må ha sine observasjonar frå ein fest hjå Ola Borten Moe.



■ Den nye presidenten i EU-rådet, **Herman Van Rompuy**, meiner som nemnt i førre nummer av

Standpunkt at EU har kome godt ut av den økonomiske krisa. Derimot er det andre truslar som uroar EU-leiaren meir. I følge den britiske avisa The Daily Telegraph 10. november har Van Rompuy funne ut at «**EU-skepsis fører til krig**.» I ein tale i Berlin slår han fast at den nye EU-skepsisen er grunna i frykt. «Den største fienden til EU i dag er frykt. Frykt fører til egoisme, egoisme fører til nasjonalisme og nasjonalisme fører til krig.»



■ Van Rompuy heldt talen to veker etter at den britiske statsministeren **David Cameron** er-

klærte at han er EU-skeptikar. Ein talsmann for Van Rompuy klargjorde at det ikkje var den typen EU-skepsis som Cameron gjev uttrykk for som EU-presidenten reagerer på, men dei som vil ha utmelding av EU. «Verken Storbritannia eller andre land er i stand til å overleve på eiga hand. Eg er sikker på at Cameron vil vere samd i det.» seier talsmannen. **Dan Hannan**, som er EU-parlamentarikar for det britiske konservative partiet og EU-motstandar, er derimot usamd: «**Noreg og Sveits** ser jo ut til å klare seg sånn nokolunde, med høgare levestandard enn nokon andre i EU. Ingen av dei ser ut til å ha vore i krig dei sista åra heller», konstaterer han i følge The Daily Telegraph.

■ Nei til EU skal i 2011 setje søkjelys på korleis EØS-avtalen set grenser for den lokale handlefridomen. Enkelte i kommune-Noreg har oppdaga desse grensene på eiga hand. Eit eigeidomssal i regi av Lar-

vik kommune fekk sinna i kok då det viste seg at salet truleg var i strid med regelverket. **Høgre-representant Terje Anthonsen** erklærte 9. desember til Østlandsposten at «**jeg er drittlei av EØS-regler**. [...] Drit i EU. Det kommer ikke noen fra Brussel fordi om vi **tafser på noen EU-regler**. Spør en greker når han sist hadde bilen på EU-kontroll. Og de er med i EU. Vi nordmenn skal alltid være best i klassen.» I ingressen stiller avisa det viktige spørsmålet «Bør Larvik følge EU-regler?», men utan å gje noko svar.

■ Standpunkt har tidlegare teke opp spørsmålet om det er takhøg i partiet Høgre for EU-motstandarar. No har vi fått svaret, eller i alle fall svar på kor stor takhøg det er i Larvik Høgre. Den uredde **EØS-kritikaren Terje Anthonsen vart vraka** frå vallista til Høgre av nominasjonsnemnda, som ikkje legg skjul på grunnen til vrakinga. «Terje var med helt til han kom med utspillet i ØP om at man skulle 'drite' i EUs regler. Etter det ville ikke flertallet i komiteen ha ham med lenger», seier leiaren i nominasjonsnemnda, Arild Lund, til Østlandsposten 17. januar. Det er uklart om det var innhaldet eller ordbruken som var mest skadeleg for kandidaturet.



■ I Standpunkt nummer 5-2010 melde vi at **Paal Frisvold** karakteriserte Nei til EU som den «bruneste»

organisasjonen i Noreg. I blogg-artikkelen «Hva vil Nei til EU?» på www.jasiden.no 29. september trekkjer Frisvold denne karakteristikken tilbake.

«Flere har reagert på at jeg i en kommentar til Finansavisen har brukt begrepet 'brun' i omtalen av organisasjonen Nei til EU (NTEU). Det var dumt av meg. Det gir feil assosiasjoner og tar oppmerksomheten vekk fra det jeg ønsket å sette fingeren på; nemlig det at Nei til EUs politikk stadig prøver å rive EU-samarbeidet fra hverandre og bringe oss tilbake til nasjonenes Europa. Organisasjonen står for en **egoistisk og nasjonalistisk** tankegang som ville ha holdt utviklingen i samfunnet vårt tilbake og hatt store konsekvenser for velferd, miljø og solidaritet. I et europeisk perspektiv plasserer derfor NTEU seg **helt i ytterkanten** av det politiske spekteret.»

Så då skulle vel dét vere greitt.

NETTIPS

Denne gang presenteres tre nettsteder som har det til felles at de ikke akkurat er preget av mye EU-skepsis. Men like fullt er de verdifulle og interessante, da de på hvert sitt vis er bidrag til den løpende EU-debatten. Førstnevnte legger føringer for det som kan bli et skikkelig oppgjør om EØS. De to andre er blogger som hyppig oppdateres og drøfter aktuelle EU-spørsmål med utgangspunkt i nordmenn bosatt i utlandet.

Europautredningen

www.europautredningen.no

UTENFOR & INNENFOR NORGE OG EU

10 møter våren 2011

Det bredt nedsatte utvalget som skal utrede EØS-avtalens virkninger, kalt Europautredningen, (tidvis kjent som «Serjested-utvalget») har bidratt til krusninger i overflaten på EU-/EØS-debatten her i landet. Det forventes økt intensitet når konklusjonene nærmer seg mot slutten av året. Inntil

videre er det nettsidene og møtene i regi av Europautredningen som er av størst interesse for mange av oss. Nettsidene til prosjektet er proppfulle av informasjon om folkemøter, referater fra folkemøter, nyhetssaker, eksterne utredninger og så videre. Nettsidene er enkle og greie og et absolutt *must* for alle som er interessert i Norge og EU. Anbefales sterkt til alle Nei til EU-medlemmer!

Europabloggen

www.europabloggen.no

Et interessant tilskudd til norske nettsider om EU er Europabloggen. Den er skrevet av norske journalister bosatt i Berlin, Brussel og Oslo, og er «en nyhets- og analyseorientert blogg om Europa og EU». Folkene bak bloggen «tror bloggformatet er spesielt godt egnet til dette. En blogg er fleksibel: Den tillater både korte oppdateringer, lengre essays, kommentarer og reportasjer. Og ikke minst – den åpner for deltakelse fra brukerne og dialog med andre bloggere og nettaktører». Vi slutter oss til dette og anbefaler en titt. Nettsidene oppdateres daglig med relevante nyhetssaker, kommentert fra kompetente folk, og er integrert med sosiale webløsninger som Twitter. En imponerende mengde linker til norske og internasjonale EU-blogger er å finne på sidene.

Arbeiderpartiets lag i Brussel

www.apbrussel.blogspot.com



Brussel Arbeiderpartilag har samlet norske sosialdemokrater i EU-hovedstaden siden 1992, og er formelt en del av Oslo Arbeiderparti. Det «ønsker å være en kilde til kunnskap for Arbeiderpartiets EU-politikk». En viktig presisering: Det er ikke fler-

tallssynet til AP-medlemmene (som i lang tid har hatt et tydelig nei-flertall), men derimot landsmøtets ja-flertall, som blir reflektert. Gjennom bloggen og medlemsmøter i Brussel vil partilaget sette søkelys på aktuelle saker, og blant dem som skriver artikler er LOs representant i Brussel, Knut Arne Sanden. Han skriver på bloggen, under kapitlet om partilaget historie, at «vi mener vel at vi har litt mer innsikt i EU-saker og prosesser enn de som er i Norge». Sanden er også opptatt av at «hvordan vi blir oppfattet i Norge er jeg litt usikker på, en kuriositet eller som enøyd EU-tilhengere?», og gir egentlig ikke noe svar. Bloggen gir et interessant innblikk – om ikke i EU, så i hva som foregår blant norske ja-folk bosatt i Brussel. Absolutt verdt å lese for Standpunkts lesere, og siden det er en blogg er det også mulig å kommentere fortløpende.

PÅ NETT MED NEI TIL EU



WEB: neitileu.no (Nei til EUs nettsider)



TWITTER: twitter.com/neitileu (Daglige nyheter og kommentarer)



IDENTICA: identi.ca/neitileu (Daglige nyheter og kommentarer)



FACEBOOK: facebook.com (Meld deg inn i gruppen neitileu)

MOTSTAND PÅ HØYT PLAN I HØYRE:

Vil stanse datalagring



Kristin Clemet: Vi har en reservasjonsrett og den må brukes når det er viktig nok, sier tidligere Høyre-statsråd Kristin Clemet til Standpunkt.

FOTO: MAGNUS FRÖDERBERG/NORDEN.ORG

Kristin Clemet og George Apenes ber Høyre stanse datalagringsdirektivet.

Tidligere Høyre-statsråd, og daglig leder i den konservative tankesmia Civita, Kristin Clemet mener Høyre må si nei til datalagringsdirektivet. Det mener også Høyre-mann, og tidligere leder for Datatilsynet, Georg Apenes.

– For meg er dette en helt avgjørende del av et demokrati. Det at du har rett til ditt eget privatliv og at man har rett til ikke å være mistenkt per definisjon, sier Clemet.

– Om vi blir totalt overvåket, vil det endre mennesker, sier den tidligere Høyre-statsråden til Standpunkt.

Mer overvåking

Da Standpunkt gikk i trykken var det bare kort tid til det var ventet en avgjørelse i den kontroversielle saken, og Høyre sitter på vippepunktet. Direktivet ble vedtatt av EU i 2006, og er ment å gi politiet et slags forsprang på terror. Det åpner for at datatrafikk, e-poster, og telefonopplysninger for alle og enhver skal lagres i minst seks måneder, men at det også kan lagres i opp til to år. Det er identiteter og tidspunkter for kommunikasjonen, samt lokaliseringsdata for

mobil kommunikasjon, som er tenkt lagret.

Saken har skapt stor uro i det politiske Norge. Mens Arbeiderpartiet ønsker å innføre direktivet, er de andre partiene, fra FrP til SV imot. Bare Høyreledelsen er åpen for å diskutere kompromisser med Arbeiderpartiet.

Men også i Høyre er motstanden stor. Av profilerte Høyrefolk som er mot direktivet kan nevnes Torbjørn Røe Isaksen og Nikolai Astrup. Georg Apenes mener saken er i kjernepunktet av Høyres interessefelt.

– At man skal notere seg lovlige borgeres leven og arbeid. Det er et helt nytt prinsipp for politiarbeid, sier Apenes til Standpunkt.

Om ikke Høyre stemmer mot direktivet truer han med å melde seg ut av partiet.

– Men politiet mener det nye direktivet er nødvendig for å stappe kriminalitet og terrorisme?

– Nei det er ikke det, sier



Georg Apenes

Apenes.

– Det er aktiv villedning av justisminister Storberget og Politiets Fellesforbund. Det er full anledning til å fryse data. Det er full anledning

til å gå inn å sjekke denne type informasjon, men forutsetningen må være at man har en mistanke, understreker han.

Truer EØS?

Både Clemet og Apenes mener Norge bør bruke reservasjonsretten i EØS mot datalagringsdirektivet. Ingen av dem tror det vil velte verken EØS, eller Norges forhold til EU.

– Vi har en reservasjonsrett og den må brukes når det er viktig nok, sier Clemet til Standpunkt.

– Vi skal ikke bruke den i tide og utide, men i dette spørsmålet er det viktig, sier hun.

Apenes er enig. Han mener direktivet strider mot grunnlovens paragraf 102.

– Eidsvollsmennene sa at om politiet vil ransake et hus, så skal de ha grunn til å gå inn i det huset, sier han og viser til en betenkning av Erling Johannes Husabø, som er professor i strafferett ved Universitetet i Bergen.

Apenes kaller direktivet en «institusjonalisert form for mistillit».

– Vi må bevare en tillit mellom borger og styresmaker. Man kan ikke utelukke at et slikt system kunne gi et resultat på kriminalitetsstatistikken i framtiden, men er det verdt det i forhold til hva vi taper, spør han.

Kristin Clemet sier det på denne måten:

– Veien til helvete er brolagt med gode hensikter. Faktum er at vi må akseptere litt mer kriminalitet, for på slippe et samfunn hvor vi blir helt ufri. Forsøket på å gjøre oss helt trygge gjør oss også ufrie, konkluderer hun.

Et vedtak i saken er ventet før påske.

Av Erik Martiniussen

erik.martiniussen@gmail.com

FAKTA

Datalagringsdirektivet

■ Vedtatt i EU i 2006 som en reaksjon på terrorangrepene i New York, Madrid og London.

■ Har en EU-hjemmel som gjør det EØS-relevant, noe som normalt betyr at det skal innlemmes i norsk lov. Norge har som EØS-land reservasjonsrett, men denne har aldri vært brukt.

■ Direktivet er omstridt i mange land, og i Norge har regjeringspartiene SV og Sp skrevet inn sin motstand i Soria Moria-II. Ap trenger Høyres støtte i Stortinget.

■ Motstanderne hevder at en eventuell gevinst for politiet ikke veier opp for svekkelsen av personvernet. Tilhengerne sier direktivet er et viktig redskap for politiet i kampen mot kriminalitet.

■ Direktivet krever at trafikkdata, altså når kontakt ble gjort, med hvem og hvor, skal lagres mellom seks og 24 måneder. Innholdet i mobil samtaler og e-poster skal ikke lagres.

VEKSANDE MOTSTAND MOT POSTDIREKTIVET:

Kommune-nei til postdirektivet

